

Skorpo har fått att straumen

21.12.2009

Skorpo har fått att straumen. Det skjedde rundt klokka 16.30 i ettermiddag. Snilstveitøya vart kobla inn att klokka 13.30, opplyser Kvinnherad Energi, Begge øyane hadde vore utan straumforsyning sidan laurdag klokka 21, då også heile Uskedalsområdet fall ut.

Det var ei helikoptersynfaring måndag føremiddag som løyste floka.

Frå helikopteret såg dei kvar linjene var brotne ned av tre med tung snø og då tok det ikkje lang tid før bakkemannskapa var på plass og ordna opp.

Kvinnherad Energi opplysar til uskedalen.no at dei helst skulle ha nytta helikopter allereie sundag, men då var det ikkje mogeleg å få tak i noko slikt luffarty.